UNIVERSITETET I TROMSØ
ORDENSREGLAR VED EKSAMEN

Før eksamensoppgåvene blir delte ut

Eksamenskandidatane må møte opp i god tid og **skal sitje på plassane sine seinast 15 minutt før eksamen begynner. Eksamensplassane som skal brukast, er merkte med skilt, og ordensreglar er lagt ut.** Eksamensvaktene vil vise plass til yttertøy og bagasje. Det er ikkje tillate å ta med yttertøy, bagasje, mobiltelefonar, personsøkjarar o.l. til eksamenspulten. Berre mat, drikke, skrivesaker, legitimasjon og tillatne hjelpemiddel kan oppbevarast på eksamenspulten.

Kandidatar som har fått innvilga **særordning** får eigne plassar som er merkte særskild (namn).

Elektroniske hjelpemiddel som mobiltelefonar og personsøkjarar er ikkje tillatne. Viss slike blir tekne med, skal dei vere slått av og skal forvarast i kandidatens yttertøy/bagasje som er sett bort (eller kan eventuelt leverast inn til vaktene).

Hjelpemiddel til eksamen: Det skal vere opplyst om tillatne hjelpemiddel i eksamensoppgåva. Viss det ikkje er oppført nokon hjelpemiddel på framsida av eksamensoppgåva, er ingen hjelpemiddel tillatne. Kandidatane skal rette seg etter dette, og ikkje ta opp til diskusjon om nokon hjelpemiddel likevel kan være tillatne.

For eksamenar i jus vil visse bøker, publikasjonar o.l. vere tillatne hjelpemiddel. Dei skal vere godkjende på førehand. Eigne rutinar er etablerte for innlevering, godkjenning, forvaring og utlevering av hjelpemiddel.

Viss ein kandidat har hjelpemiddel som ikkje er oppført i eksamensoppgåva, eller som ikkje er godkjent på førehand, blir dette rekna som forsøk på fusk.

Legitimasjon: Ha legitimasjonen klar på pulten. Dersom ein kandidat ikkje kan leggje fram gyldig legitimasjon, må han/ho rekne med å bli bortvist.

Eksamensgangen

Eksamensoppgåvene blir utleverte presis når eksamenstida begynner. Omslag med innføringspapir og kladd blir også delt ut. Like etterpå startar registrering av kandidatane. Kandidaten legitimerer seg, signerer på ei «eksamenskandidatliste» for frammøtet og får samtidig **kandidatnummeret** sitt som skal førast på omslagsarket. Kandidatnummeret må noterast og gøymast til sensuren ligg føre. **Kandidatnummeret blir ikkje opplyst over telefon.** Sensuren blir opplyst etter kandidatnummer på lister som blir hengt opp på oppslagstavler på fakulteta. Sensuren blir også lagt ut på studweb.

Eksamenssvaret skal førast med svart blekk, svart tusjpenn eller svart kulepenn. Årsaka til dette kravet er at eksamenssvaret ditt må kopierast opp i fleire eksemplar før det blir sendt til sensorane. Blyant og ulike typar blått blekk har ofte vist seg å gi dårlege og utydelege kopiar, noko som igjen medfører problem i samband med sensureringa.

Kopi av eksamenssvaret: Kandidatar som ønskjer å ha ein kopi av oppgåvesvaret sitt, kan før eksamenen begynner, be eksamensvaktene om å få utlevert blanke ark og karbonpapir slik at dei kan ta avtrykk etter kvart som dei fører inn oppgåvesvaret.

Toalettbesøk: Når kandidatar er på toalettet skal døra til toalettrommet berre lukkast til, ikkje låsast. Det kan gjerast unntak frå låseforbodet dersom eksamensvakta er av motsett kjønn til kandidaten.

Pausar: Røykepausar og andre pausar bør avgrensast til 10 minutt av gangen. (Kandidatar som har fått tilrettelegginga "kviletid" har unntak frå dette). Kandidatar som har pause samtidig, skal ikkje på nokon måte kommunisere med kvarandre. Det er ikkje tillate å gå på kiosk/butikk i pausen. Blir pausen teken utanfor bygget der eksamen er, bør kandidaten opphalde seg i nærleiken av ytterdøra. Kandidatane skal ikkje ha tilgang til aviser, anna skriftleg materiale, eller elektronisk utstyr i pausar.

Trekk under eksamen: Ein kandidat som ønskjer å trekkje seg frå eksamen, må fylle ut skjemaet «Trekk under eksamen». Dette må gjerast også om årsaka til trekk er sjukdom. I det siste tilfellet må kandidaten levere legeerklæring til eksamenskontoret innan to døgn viss han/ho ønskjer rett til utsett prøve.

Ein kandidat som trekkjer seg frå eksamen/har levert oppgåvesvar, kan ikkje forlate eksamenslokalet før tidlegast ein time etter at eksamen har begynt (karantenetid).

Avslutning av eksamen

Eksamensvaktene opplyser til kandidatane når eksamenstida er ute. Kandidatane får då 15 minutt ekstra tid for utfylling av toppteksten på alle arka i oppgåvesvaret pluss omslagsarket.

Toppteksten som skal førast på kvart ark, inneheld kandidatnummer, dato, sidetal og emnekode. Namnet til kandidaten skal *ikkje* påførast oppgåvesvaret. Vidare kan berre heile ark leverast inn. Retting av sidetal kan skje ved bruk av korrekturlakk/korrekturteip (NB! Sidene klistrar seg saman!), eller ved å stryke over feil sidetal og tydeleg føre opp det korrekte talet ved sida av. Bruk av A og B side til eit tal skal ikkje skje.

Dei 15 minutta med ekstra tid skal *berre* brukast til det som er nemnt ovanfor. **Det er altså ikkje tillate å arbeide vidare med eksamenssvaret etter at eksamenstida er ute, f.eks. korrekturlesing, feilretting m.v.** Dette gjeld sjølv om kandidaten har valt å bruke sjølve eksamenstida til nummerering o.l.

Det er kandidatane sitt eige ansvar å ha oppgåvesvaret sitt klart til innlevering når dei 15 minutta er ute. Eksamensvaktene har med andre ord *ikkje* ansvar for å klargjere/nummerere eksamenssvar til kandidatar som ikkje har gjort dette sjølv innan tidsfristen. *I tilfeller der ein kandidat ikkje er ferdig med å nummerere/klargjere svaret sitt når de 15 minutta er ute, vil eksamensvakta inndra oppgåvesvaret. Oppgåvesvaret blir lagt i ein konvolutt slik det ligg føre, og konvolutten blir limt igjen, påført kandidatnummer, klokkeslett, i tillegg til ei kort forklaring på korfor det ikkje er ferdig klargjort.*

Kandidatane må forlate eksamenslokalet straks etter at eksamenssvaret er levert, eventuelt straks etter karantenetida på ein time.

Det er ikkje tillate å bringe universitetets innføringsark, skrivne eller uskrivne, ut av eksamenslokalet. Det blir utført kontroll med tanke på dette.

Forskings- og studieavdelinga november 2007